



Notat

Dato: 08.09.2015
Arkivsak: 2014/1141-4
Saksbehandlar: heihand

Til: Anne-Kathrine Vabø

Frå: Heidi Handeland

Kulturminnefagleg fråsegn - Plan 368 Askøyarken gnr 9 bnr 9, 165 m.fl. - Askøy kommune

Vi viser til offentleg ettersyn av plan 368 – Askøyarken, Nedre Kleppe gnr 9 bnr 9, 165 m.fl. i Askøy kommune, datert 18.08.15. Planområdet utgjer om lag 145 dekar, og skal legge til rette for utvida forretningsareal.

Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. I samband med varsla oppstart av plan i 2013 vart det gjennomført ei arkeologisk registrering i planområdet. Registreringa påviste ikkje funn av automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi gjer elles merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og til straks å melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med gjennomføring av tiltaket skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd. Slike funn kan til dømes vere trekolkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar, gjenstander og reiskapar av stein eller metall, m.m.